

Vedtekter for Gløde AS

§ 1.

Selskapet sitt navn er Gløde AS

§ 2. Formål

Gløde AS sitt formål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette.

Vår målsetjing er gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.

Vår målgruppe er personar som treng: Varig tilrettelagt arbeid, arbeidstrening, avklaring, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid.

Med arbeid meiner vi ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

Gløde AS kan delta i andre selskap.

§ 3 Verdigrunnlag

Alle kan utvikle seg
Alle kan gjere ein forskjell
Alle kan arbeide

§ 4.

Selskapet har sitt forretningskontor i Meland Kommune, Havneveien 11, 5918 Frekhaug

§ 5.

Aksjekapitalen er kr. 166.900,- fordelt på 166.900 aksjar á 1,- fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 6. Overdraging av aksjar kan berre skje med styret sitt samtykke. Samtykke kan berre verta nekta ved saklig grunngjeving. Selskapet sitt overskot skal verta verande i verksemda og disponerast til føremål som styrkjer framtidig drift.

§ 7.

Selskapet skal leiast av eit styre på 6-8 medlemmar. Det skal veljast 2 nummererte varamedlem. Valperioden er normalt 2 år. Styreleiar og nestleiar vert valde ved særskilt val. Tilsettere representantar med ein varamedlem skal veljast i samsvar med Aksjelova. Ein representant frå tiltaksdeltakarane som er i varige tiltak skal i tillegg veljast som observatør i styret, med møte- og forslagsrett.

§ 8.

Styret held møte etter ein vedteken møteplan eller når styreleiar, to styremedlemmer eller dagleg leiar krev det. Styret er vedtaksført når minst 5 medlemmer er tilstades. Alle vedtak skal gjerast med simpelt fleirtal. Med likt røystetal har styreleiar dobbel røyst. Innkalling til styremøte skal sendast til medlemmene minst 8 dagar før styremøte vert halde. Styret tilsett dagleg leiar.

§ 9.

Selskapet vert forplikta ved underskrift av styreleiar.

Styret kan melde prokura

§ 10.

Styret er ansvarleg for leiinga av selskapet i samsvar med gjeldande regelverk.

Styret skal syta for at det vert ført rekneskap over selskapet sine egedelar og gjeld, inntekter og utgifter. Rekneskapen skal fylgja kalenderåret, og skal avsluttast seinast 3 månader etter utgangen av året. Styret er ansvarlig for at årsmelding, rekneskap, og budsjett vert lagt frem for generalforsamlinga til godkjenning til fastsett tid.

§ 11.

Verksemda skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar har ansvar for å leia verksemda i samsvar med selskapet si målsetting og styret sine vedtak. Dagleg leiar har rett til å ta del i styremøte med tale og forslagsrett, men ikkje stemmerett. Dagleg leiar fungerer som sekretær for styret og har også ansvar for sakførebuinga. Dagleg leiar skal syta for at vedtak vert gjort kjent for dei som dei vedkjem og vert satt i verk.

§ 12.

Generalforsamlinga vel revisor.

§ 13.

Ordinær generalforsamling vert å halde kvart år innan utgangen av juni månad.

Generalforsamlinga vert innkalla av styreleiar med 2 vekers varsel i brev til alle aksjeeigarar.

Før generalforsamlinga tar til skal dei framlagt fullmaktane godkjennast. Det skal veljast ein person som skal leia generalforsamling. Det skal veljast ein sekretær til å føre protokoll fra generalforsamlinga. Til handsaming på ordinær generalforsamling er dei sakene som er vedlagde innkallinga.

Generalforsamling skal dessutan handsame og avgjere:

- a) Disponering av overskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balanse
- b) Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga

Dernest skal der veljast:

- c) Styremedlemmer og varamedlem

- d) Styreleiar og nestleiar for styret i selskapet
- e) Revisor
- f) Valnemnd på tre til fem medlemmer vald for tre år. Eitt til to medlemmer står på val kvart år.

§ 14.

Ekstraordinær generalforsamling vert å halde når styret finn det naudsynt eller det blir kravd skriftleg av revisor eller aksjeeigarar som har minst 1/10 av aksjekapitalen. Den ekstraordinære generalforsamlinga vert kalla inn med same frist og på same måte som den ordinære, og handsamar berre dei sakene som er gjeve i innkallinga.

§ 15.

Vedtektene for selskapet kan verta endra på generalforsamlinga. Vedtektsendring treng 2/3 fleirtal.

§ 16.

Dersom det vert gjort vedtak om å oppløysa selskapet skal generalforsamlinga velja eit avviklingsstyre. Dette avviklar selskapet, krev inn uteståande fordringar og betalar inn gjeld. Resterande formue skal i samråd med og etter godkjenning av tilskotsinstitusjonane nyttast ved tiltak for målgruppa.

§ 17.

Der anna ikkje er sagt i desse vedtektene, gjeld aksjelova sine føresegner.